

Ny politisk klimanedtur

■ FNs klimaforhandlingar, dei 20. i rekkja, er endå ein stor klimanedtur. Målet med konferansen var å leggja til rette for ein global forpliktande avtale i Paris neste år. Det gjev sluttdokumentet frå Peru lite von om. Til det er avtalen basert på for mykje friviljuge utleppskutt.

■ Dette fortel på nytt kor krevjande det er å få gjort noko med klimautfordringa. Det er særst vanskeleg å få til forpliktande avtalar mellom rike og fattige land, mellom diktatur og demokrati, mellom velfungerande land og korrupte land, mellom land som lever av olje og land som kjøper olje, mellom land som subsidierer oljebruken og land som har høge avgifter på olja, mellom land som slepper ut lite CO₂ og land som slepper ut mykje osb.

■ Kor høgt trur du klimapolitikken står på dagsordenen i dagens Russland, med ein rubel i fritt fall og stadig meir skjerpa konflikt med Vesten? Eller i Pakistan – som slit med fanatiske terroristar? I tillegg kjem usemja om kva som er god klimapolitikk. Ikkje eingong miljøpartia er samde seg imellom.

■ Dette fortel oss berre at alle gode krefter må gjera det dei kan for å få til ei positiv utvikling. Medan vi ventar på ein internasjonal avtale, må opinionen i kvart land pressa eigne politikarar til å ta ansvar i eige land – og ikkje godta argumentasjonen om at einsidige tiltak ikkje nyttar.

■ Dessutan må vi laga ein realistisk klimarekneskap. I dag er desse rekneskapane ein leik med tal. Vi lurar oss sjølve når vi får positive utslag i klimarekneskapen, som i dag, ved å flytta ut produksjonen av forbruksvarene våre til lågkostland – eller ved å filetera torsken i Kina og ikkje i Lofoten.

SVEIN GJERDÅKER

Neste avis kjem 2. januar. God jul og godt nytt år.

DAG OG TID

pressens faglige utvalg
PFU

Den som meiner seg råka av urettkomen avisomtale, vert beden om å ta kontakt med redaksjonen. Pressens faglige utvalg (PFU) er klageorganet som tek opp klager mot pressa i presseetiske spørsmål. E-post: pfu@presse.no

Arkitektur f

Å skapa funksjonelle og trivelege norske byar og bygder en



RONNY SPAANS
ronny@dagogtid.no

Kommentar

I tre år har eg reist på kryss og tvers som arkitekturjournalist for Dag og Tid. Kva skal gjerast for at norske byar og bygder skal bli trivelege og meir funksjonelle stader, spør mange meg. Her fylgjer seks hugsegular.

■ «Ver konsekvent». I mange norske byar og tettstader finst det nærast ikkje byplanleggjing. Utvikling er eit resultat av skjønnet til utbyggjarar og kommunefolk utan fagkunnskap og av vikarierende argument til politikarar. Eit trist døme er Levanger. Levanger har ein unik posisjon med trehusgatene sine; det er den einaste byen i Nord-Trøndelag som ikkje vart bomba under siste verdskrigen. Denne arven gjorde at politikarar søkte medlemskap i den europeiske Cittaslow eller Slow City-rørsla, som har utspring i Slow Food-rørsla i Italia. 2003 vart byen utropa som Cittaslow-by. Men entusiasmen varde ikkje lenge. Berre fire år seinare slo Burger King seg ned i Magnet kjøpesenter ved innkøyringa til Levanger. Kjøpesentret vart samtidig, utvida med 8000 kvadratmeter.

FORTETTING

■ «Fortett». Den nyurbanistiske retninga i stadutvikling krev at vi set fotgjengaren, ikkje bilen i

Mellom dei byane som har fylgt ein politikk som samsvarar med desse råda, er Røros og Lom.

sentrum. Etter krigen var soneinndeling på mote i byplanleggjing. Arbeidsplassar, bustader og butikkar vart tildelte kvar sin bydel. Det førde til lange transportavstandar mellom bydelane.

I debatten om nye sentralsjukehus sit vi enno fast i denne forelda tankemåten. Det er planar om å leggje det nye sjukehuset på Nord-Jæren på ein useutral plass mellom Sandnes og Stavanger. Det vil auke trafikkaoset i regionen. Berre åtte prosent av reisene i Nord-Jæren skjer i dag kollektivt.

■ «Medverknad og demokrati». Det er ikkje private utbyggjarar som skal laga offentlege reguleringsplanar, men politikarar i samråd med innbyggjarane. Eit anna område der demokratiet er ei mangelvare, er arkitekturtevelingane. Juryen i slike tevelingar er ofte dominert av arkitektur utnemnde av Norske arkitekters landsforbund, supplert med representantar for utbyggjaren. Ikkje sjeldan avgjer òg utbyggjar kva arkitektur som skal vera med. Når det gjeld reising av viktige offentlege bygningar, bør innbyggjarar få direkte medråderett. Hadde det vore folkerøysting om lagnaden til Østre Porsgrunn kyrkje – som brann ned i 2011 – ville innbyggjarane fått den kjære kyrkja si reist opp att i same stil.

TILPASSING

■ «Tilpassing og harmoni.» Ny arkitektur bør høve med eksisterande bygningsmasse. Det gjeld særleg tradisjonelle norske tettstader som er særlege for store endringar. Eit døme er Gran på Hadeland. I 60- og 70-åra vart det bygt forretningsbygg i Gran sentrum. Dei er på om lag 500 kvadratmeter. I 1988 skjedde det ei akselerering i storleiken på bygningsmassen. Då vart Smietorget opna, det er på 12.000 kvadratmeter. For tjue år sidan opna Granstunet kjøpesenter. Det vart utvida i 2010. Bygget er på 17.000 kvadratmeter. I Gran kommune bur det berre 13.000 menneske.

■ «Bygg for æva». Bygningar bør vara i minst hundre år. Her kan vi atter vise til Gran. Kva skjer den dagen ingen vil leige lokale i Smietorget eller Granstunet? Eignar overdimensjonerte, vindaugslause kjøpesenterhallar seg til attbruk? Same kor miljøvenlege desse bygningane er, vil tome kjøpesenterhallar ikkje berre ta opp viktig plass i byromet, men òg krevja store energiutslapp den



dagen dei skal rivast og nybygg skal reisast på tomte. Ein stor del av CO₂-utleppa i dag kjem frå produksjon av byggjemateriale og byggjing. Eit døme på fornuftig byggjesteril er industribygningane i Melbu i Hadsel. Industrigründer Christian Frederiksen reiste bygg i småskala. Etter at verksemdene vart lagde ned, har bygningane tent vidt ulike føremål: bustad, butikklokale, restaurant, treningssenter osb.

«SPRØ ARKITEKTUR»

■ «Ikkje meir sprø arkitektur», uttala Kinas president Xi Jinping

Ansvarleg redaktør:

SVEIN GJERDÅKER
svein@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 29

Marknads- og kontorsjef:

OLA RELLING
ola@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 22

Sentralbord: tlf. 21 50 47 47

Redaksjon:

OTTAR FYLLINGSNES
ottar@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 26

ROALD HELGHEIM
roald@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 28

SIRI HELLE
siri@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 41

JON HUSTAD
jon@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 25

AGNES RAVATN (i permisjon)
agnes@dagogtid.no

THERESE SOLLIEN
therese@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 24

RONNY SPAANS
ronny@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 41

PER ANDERS TODAL (i permisjon)
peranders@dagogtid.no

Teiknar:

MAY LINN CLEMENT

Desk:

JOHAN BROX
johan@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 30

VEGARD STORSUL OPDAHL
vegard@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 30

Grafikar:

NINA LYKKE
nina@dagogtid.no

Korrekturlesar:

KLAUS JOHAN MYRVOLL
klaus@dagogtid.no

Tingarkontakt:

KJELL ARVE STRAUMSVÅG
tinging@dagogtid.no | tlf. 21 50 47 47

For framtida

enkelt. Ein treng berre fylgje desse seks punkta.



i oktober. Han gjekk til åtak på det nye TV-hovudkvarteret i Beijing teikna av arkitekturfirmaet Office for Metropolitan Architecture, som den verdskjende Rotterdam-arkitekten Rem Koolhaas er medgrunnleggjar av. I Kina har viktige bygningar fått ei form som vekkjer lått hjå kinesarar: eit bygg liknar ein smultring, eit anna ein penis. I Noreg finn vi den rotterdamske stilen att i Bjørvika i Oslo og i det kubeforma universitetsbygget som Entra Eiendom vil byggje på Tullinløkka. Slik stjernearkitektur, der bygningane er forma som

skulpturar, høver godt i opne landskap, men ikkje midt i eit historisk bymiljø. Arkitektar må lære seg at miljø og form skal passe saman. Eg gjev siste ord til Xi Jinping: «Vakker kunst skal vera som solskin frå den blå himmelen og brisen om våren, som inspirerer sinna, vermer hjarto, kultiverer smaken og reinskar bort uynskte arbeidsmåtar.»

Vel, desse råda skulle ikkje vera uoverkomelege, men likevel er det særskilt byar og bygdebyar som fylgjer dei. Det er observasjonen eg har gjort på reisene mine. Mellom dei byane som har

fylgt ein politikk som samsvarar med desse råda, er Røros og Lom. Det har vorte retta kritikk mot dei strenge reguleringsplanane på desse stadene. Ein kan kritisere dei for å vera for konservative, men ein kjem likevel ikkje bort frå suksessen til desse småstadene: Ved å vera så strenge har dei unngått ukontrollert kjøpesenterutvikling – som er den største utfordringa for Arkitektur-Noreg i dag.

Ronny Spaans er journalist i Dag og Tid.

Den forsvunne julekalkunen

KOMMENTAR

WALID AL-KUBAISI

Eg budde i eksil i Syria i 1983 saman med andre flyktningar frå Irak: ein kristen, ein sjiamuslim, ein yazadi – som vi trudde dyrka djevelen – og ein kurdar. På den tida var sjelene våre besette av Irak, og vi drømde om at Saddam snart ville forsvinna. Vi feira alle høgtider vi var vane med å feira i Irak.

Den kristne Eljas sa at han ville dra til kyrkja og så koma og feira jul med oss med mat og drikke. Amir som høyrde til mandai-sekta som dyrka Johannes døyparen, sa at han ville laga kalkun med okra (ei grønnsak), tomatsaus, sitrønsaft og ris. Vi samla saman pengar og kjøpte kalkun, ris, salat og to flasker Arak med anissmak.

Eg skulle slakta kalkunen, og Amir skulle laga maten medan vi venta på at venene våre skulle koma attende frå kyrkja i Damaskus.

«Du må slakta kalkunen på taket», sa Amir til meg. «Så slepp vi blodet her, for blod luktar.»

Tidleg på ettermiddagen gjekk eg for å henta kalkunen. Han var still og tam og rørde seg ikkje. Han var som bedøvd og underkasta seg lagnaden sin. Eg tok fram kniven, men plutselig flaksa kalkunen med vengene og skreik. Med eitt vart han vill av redsle og hoppa frå tak til tak og forsvann. Eg måtte fortelje at kalkunen var borte.

Venene våre kom frå kyrkja, og vi lest som om ingenting hadde skjedd denne julaftenen. Vi laga maten utan kalkunkjøtt og dekte golvet med glas og Arak, ris, salat og okra med tomat-saus utan kalkun. Vi drakk og ville eta, og dei venta på kalkunen. Eljas, vår kristne ven, spurde kvar kalkunen var.

«Han fór opp til himmelen nett som Jesus», svara eg.

Eit par dagar seinare leika ein liten gut i nabolaget på gata. Til venen sin fortalde han: «Vi hadde ikkje pengar til å feira jul, men mor mi drømde at Gud sende eit dekt julebord til oss. Dagen etter fann vi ein kalkun som venta på oss i hagen. Vi slakta han og hadde den beste julefeiringa.»

Då eg fortalde venene mine om gjestebodet til guten, sa dei: «Det er ei gåve frå Gud til denne familien. Utan å meina det har vi gjort ei god gjerning!»

Kvar jul vaknar dette minnet for meg.

I Noreg bur ikkje folk i opne arabiske hus. Gud kan ikkje senda kalkun eller julegåve frå himmelen på same måte som i Damaskus. Ein må banka på døra. Mange treng Guds gæver, himmelske vitjingar i einsame stunder. Lat kalkunen i år hamna hjå den einsame naboen.

Walid al-Kubaisi er forfattar og statsstipendiat og fast skribent i Dag og Tid.

SITATET

«Terrorister har ingen religion, ingen menneskelighet, ingen hellighet, ingen grenser, ingen venner, ingen moral.»

Shazia Sarwar i VG

FASTE SKRIBENTAR

Amal Aden
Brit Aksnes
Karsten Alnæs
Sigbjørn Apeland
Pål H. Bakka
Guri Sørungård
Botheim

Sigrid Sørungård
Botheim
Sjur Haga
Bringeland
Arvid Bryne
John Peter Collett
Erika Fatland

Kristin Fridtun
Merete Røsvik
Granlund
Atle Grønn
Øyvind T. Gulliksen
Oddmund Hagen
Bernt Hagtvat

Per Egil Hegge
Arne Hjeltnes
Tore Elias Hoel
Arvid Hove
Ragnar Hovland
Rasmus Hungnes
Leif Høgøhaug

Harald Dag Jølle
Walid al-Kubaisi
Bent Kvalvik
Jan H. Landro
Lars Roar Langslet
Benedicte Maurseth
Lars Mossefinn

Klaus Johan
Myrvoll
Bjørn Kvalsvik
Nicolaysen
Janne Nygaard
Svein Arne Orvik
Arild Pedersen

Øyvind Pharo
Tiril Rem
Kaj Skagen
Andreas Skartveit
Eskil Skjeldal
Morten Strøksnes
Cathrine Strøm

Øyvind Strømmen
Astri Suhrke
Odd W. Surén
Jan Inge Sørbo
Halvor Tjønn
Håkon Tveit
Stein Urheim

Jan Erik Vold
Øyvind Vågnes
Vidar Ystad
Vigdis Ystad
Stein P. Aasheim